



Notat

Dato: 28.02.2019
Arkivsak: 2019/2386-1
Saksbehandlar: arnasan

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Tannhelsesdata 2018


Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune hadde i utgangen av 2018 totalt 42 tannklinikkar fordelt på seks ulike tannhelsedistrikt. Det er totalt 414 tilsette i tenesta; 377 kvinner og 37 menn. Tannhelsetenesta tilbyr tannhelsetenester til alle under 20 år, i tillegg til vaksne betalende pasientar. Gjennom god tannhelsefagleg behandling, systematisk og langsiktig førebyggjande og helsefremjande arbeid legg vi grunnlag for god helse for alle i Hordaland.

Tannhelsesdata i Hordaland i 2018:

Andel born/unge i Hordaland utan karieserfaring («null hol»)

Andel born og unge i Hordaland som aldri har hatt karieserfaring («null hol») er generelt likt gjennomsnittet for Noreg. Tal for 2018 viser at:


- 94,4 prosent av treåringane er utan hol i tennene
- 84,2 prosent av femåringane har aldri hatt hol i tennene
- 58,6 prosent av 12-åringane har aldri hatt hol i tennene
- 39 prosent av 15-åringane har aldri hatt hol i tennene
- 24,4 prosent av 18-åringane har aldri hatt hol i tennene



Figur 1: Del utan karieserfaring (DMFT = 0), for alle indikatorårskull i Hordaland, 2016 – 2018.

Tal tenner med fylling eller hol hos born og unge i Hordaland

I 2009 hadde ein 18-åring i Hordaland i gjennomsnitt 5,5 tenner med hol eller fylling. Tal for 2018 viser at dette talet har gått ned til 3,5. I løpet av dei tre siste åra (2016 til 2018), har ein gjennomsnittleg 18-åring i Hordaland fått redusert tal tenner med hol eller fylling i frå 4,0 til 3,5 tenner.




Figur 2: Del tenner med karieserfaring (DMFT), for alle indikatorårskull i Hordaland, 2016 – 2018.

SIC-indeks

SIC-indeks (Signifikant Caries Index) er ein «tannhelseindikator» som vert brukt for å følgje med på born og unge som har høg karies-score. SIC-indeksen viser utviklinga i den dårlegaste tre-delen av ei gruppe/årskull, og skildrar gjennomsnittleg tal tenner med karieserfaring (hol).

SIC-indeksen for den dårlegaste 1/3-delen av både 12-, 15- og 18-åringar i Hordaland viser betring frå 2016 til 2018. Sjå figur 3.



Figur 3: SiC-indeks, for 12-, 15-, og 18-åringar i Hordaland, 2016 – 2018.


Bekymringsmeldingar til barnevern og informasjonsbrev til føresette

Den offentlege tannhelsetenesta er den einaste helsetenesta i Noreg som regelmessig kallar inn alle barn og unge mellom 3 og 20 år til undersøking. Tannhelsetenesta har difor ein unik sjanse til å kunne oppdage omsorgssvikt eller mishandling.

I 2018 kom det ein ny paragraf i Lov om tannhelsetjenesten (§ 1-3 c), der det står følgjande:

«Fylkeskommunen skal ha særlig oppmerksomhet rettet mot at pasienter kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vold eller seksuelle overgrep. Fylkeskommunen skal legge til rette for at den offentlige tannhelsetjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep».

Frå 2011 til 2018 har tal bekymringsmeldingar (ikkje møtt til time eller mistanke om omsorgssvikt) til barnevernet i Hordaland auka frå 22 til 82. Frå 2017 til 2018 var det ei auke på 12 prosent. I lag med fylkeskommunane Oslo og Akershus er Hordaland på topp i tal bekymringsmeldingar i 2018. Den same utviklinga ser vi på informasjonsbrev sendt til føresette. I 2011 sendte tannhelsetenesta i Hordaland 29 informasjonsbrev til føresette – i 2018 vart det sendt 81 informasjonsbrev.



Figur 4: Tal bekymringsmeldingar til barnevern og informasjonsbrev til føresette, Hordaland, 2011 – 2018.

Samarbeid med Statens barnehus Bergen

Statens barnehus er eit tilbod til barn og ungdom eller ein vaksen med psykisk utviklingshemming, som kan ha vore utsett for, eller har vore vitne til, vald eller seksuelle overgrep, og der det føreligg politimelding. Tannlegar frå tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune har sidan 2017 deletteke i arbeidet på Statens barnehus ein dag i veka. I 2017 blei det utført 17 undersøkingar der tannlege deltok, medan tilsvarende tal i 2018 var 62.